



Aurland, 22.11.2019

Vår ref.
2019000004-17

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Hanna Hjellum Borlaug, 57 63 29 00

Arkiv
K1 - 080, K3 - &17

Aurland Eldreråd - referat frå møte 19. november

Desse møtte: Alv Loven, Marit Berge, Olav Johan Ellingsen, Reidun Skahjem, Frode Aas Tufte, Monica Finden og sekretær Hanna Hj. Borlaug. Ine Bjørstad melde avbod, og Øyvind Fredriksen møtte ikkje.

Sakliste:

13/19. Konstituering

Det vart halde val av leiar og nestleiar i eldrerådet.

- ✓ Leiar: Marit Berge
- ✓ Nestleiar: Alv Loven

Levekårsutvalet valde i sitt møte den 18. november Frode Aas Tufte som den politiske representanten til eldrerådet. Vara for han vart vald Kjell Bøe Bjørgum. Eldrerådet oppmodar Råd for menneske med nedsett funksjonsevne om å velje sine vararepresentantar

14/19. Kommuneplanen sin handlingsdel 2020-2023.

Innspel er meldt opp til Formannskapet og Kommunestyret med kopi til Kristian Stråmyr og Ingunn Bårtvedt Skjerdal.

15/19. Bustadpolitisk handlingsplan 2019-2029 for Aurland kommune Aurland Eldreråd har ingen merknader til planen

16/19. Kjøken på sjuke og aldersheimar. Innspel til kommunane Ingen merknader til innspelet

17/19. Referat frå Levekårsutvalet

- Skjenkjeløyve
- Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023.

Innspel frå Levekårsutvalet til økonomiplan 2020-2023 og budsjett 2020.

Drift, prisar og gebyr:

Samordning av prisar i symjehall og trimrom:

- Klyppekort symjehall vaksen – auka til kr 650 kr
- Klyppekort barn/ungdom/student symjehall – auka til 390 kr
- Ein time vaksen auka til 100 kr

Kulturhus – oppgradering av AIS

Ynskje om at det vert undersøkt ulike tilskotsordningar til investeringar knytt til rehabilitering og opprusting av kulturbygg i AIS.

Investeringar:

Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg

Bygningsmessige tiltak ved Helsetunet blir teke innatt på lista som eit prioritert tiltak. Arbeid med riving og tilrettelegging vert halde fram kontinuerleg og kan setjast i gong snarleg. Finansiert ved låneopptak.

Nye lokale for boksering i samband med ny inngang til trimrom (pkt. 1.4.1)

Ved etablering av ny inngang til trimrommet i Aurlandshallen, er det ynskjeleg at ein ser på moglegeheita for etablering av tilbygg dedikert til Boksegruppa. Dette kan finansierast gjennom ulike tilskotsordningar. Kanskje kan ein søkje om status som regionalt anlegg for boksing.

Samrøystes

Levekårsutvalet vedtok slik innstilling til suppleringsval for eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Fast medlem: Frode Aas Tufte

Varamedlem: Kjell Bøe Bjørgum

Samrøystes

Val av medlemmar til samarbeidsutval for Aurland barne og ungdomsskule, Flåm skule og kommunale barnehagar

Levekårsutvalet si innstilling til medlem i samarbeidsutval ved Aurland barne og ungdomsskule:

Fast medlem: Monica Finden

Varamedlem: Astrid K. Grønsberg

Innstilling til medlem i samarbeidsutvalet ved Flåm skule:

Fast medlem: Bengt Erlend Skjerdal

Varamedlem: Monica Finden

Innstilling til samarbeidsutval for barnehagane:

Fast medlem: Astrid K. Grønsberg

Varamedlem: Bengt Erlend Skjerdal

Samrøystes

18/19. Budsjett 2020

Innspel er meldt opp til Formannskapet og vidare til kommunestyret

Ymse

Når møteplanen er klar etter å ha vore handsama i desembermøtet, så vert første møte i eldrerådet dagen etter at Levekårsutvalet har hatt sitt møte på nyåret.

Eldrerådet ynskjer å få invitasjon til julekaffien den 12. desember.

Med helsing

Hanna Hjellum Borlaug

Konsulent

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

20.11.2019 Aurland Eldreråd - innspel til budsjett 2020

20.11.2019 Aurland Eldreråd - innspel til Kommuneplanen sin handlingsdel 2020-2023

Kopi til:

Kristian Stråmyr

Steinar Sjøgaard

Likelydande brev er sendt til:

Alv Loven	Rygg 1	5745	AURLAND
Anne Grethe Breisnes	Rygg 24	5745	AURLAND
Frode Aas Tufte			
Guttorm Torleif Brekke	Ytstebøen 14	5745	AURLAND
Ine Bjørstad	Fretheimshaugane 6C	5743	FLÅM
Kjell Arvid Bakke	Låvi 14	5745	AURLAND
Kjell Bøe Bjørgum		5745	AURLAND
Marit Berge	Fretheimshaugane 15	5743	FLÅM
Monica Finden	Klokkargarden 21	5745	AURLAND
Olav Johan Ellingsen			
Reidun Skahjem	Dalen 88	5745	AURLAND
Tordis Grønsberg	Rygg 28	5745	AURLAND
Øyvind Fredriksen	Fretheimshaugane 10 B	5743	FLÅM